

August 2017
 

---

## 1.0 Budsjetteknisk

BUDSJETTEKNISK	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme inkl. midlar til avskrivningar	116 229	116 229	0	967 813	976 874	-9 061
Kvalitetsbasert finansiering	1 133	-	1 133	10 194	-	10 194
ISF eigne pasientar	3 445	3 402	44	28 130	27 968	162
Andre øyremerka tilskot	1 807	1 791	16	16 265	16 119	146
Andre driftsinntekter	3		3	3		3
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>122 617</b>	<b>121 422</b>	<b>1 196</b>	<b>1 022 405</b>	<b>1 020 961</b>	<b>1 443</b>
Kjøp av offentlege helsetenester	9 792	6 794	2 998	64 157	61 144	3 013
Kjøp av private helsetenester	-6 875	932	-7 807	2 959	8 392	-5 433
Fastløn	463	167	296	-0	1 500	-1 500
Varekjøp	1	0	1	-81	-0	-81
Pensjonskostnad	-1 650	-1 650	0	-14 063	-14 850	787
Avskrivningar	6 390	6 583	-193	54 857	56 247	-1 390
Andre driftskostnader	3 542	391	3 151	2 989	3 521	-532
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>11 663</b>	<b>13 217</b>	<b>-1 554</b>	<b>110 817</b>	<b>115 954</b>	<b>-5 136</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>110 955</b>	<b>108 205</b>	<b>2 750</b>	<b>911 588</b>	<b>905 008</b>	<b>6 580</b>
Finansinntekter	203	117	87	957	1 050	-93
Finanskostnader	96	410	-314	1 251	3 749	-2 498
<b>Finansresultat</b>	<b>107</b>	<b>-293</b>	<b>401</b>	<b>-294</b>	<b>-2 699</b>	<b>2 405</b>
<b>Ordinært resultat</b>	<b>111 062</b>	<b>107 911</b>	<b>3 151</b>	<b>911 294</b>	<b>902 309</b>	<b>8 985</b>

### Inntekter

Auka i basisramme er knytt til ekstraløyving som følge av høgare kostnader til pasientreiseordninga i regionen. Som tidlegare månader er det ført inntekter for kvalitetsbasert finansiering og tilsvarande lågare inntekter for basisramme.

### Kostnader

Når det gjeld driftskostnader er dei justert for eksterne kostnader som vert fakturert oss i ettertid. Mellom anna gjeld dette gjestepasientar, fritt behandlingsval og kostnader til andre pasientrettar. Vidare har vi no fått første rapportering for våre pasientar behandla i Helse Bergen. Så langt har det vore nedgang i behandling av våre pasientar. Om nedgangen held fram vil kostnadane på området verte lågare enn budsjettert. Nedgangen til no svarar til i overkant av 600 DRG-poeng – tilsvarande om lag 7,5 millionar kroner. Desse kostnadane er budsjettert med effekt seinare i år.

## 2.0 Stab og støtte

### ØKONOMI

STAB OG STØTTE	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	10 740	10 619	121	85 743	84 656	1 087
Øyremarka tilskot "Raskare tilbake"	64	37	27	125	308	-183
Andre øyremarka tilskot	618	187	431	3 120	1 685	1 435
Andre driftsinntekter	6 048	6 194	-146	52 764	59 613	-6 849
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>17 470</b>	<b>17 038</b>	<b>432</b>	<b>141 751</b>	<b>146 261</b>	<b>-4 510</b>
Kjøp av offentlege helsetenester	187	77	110	139	691	-552
Kjøp av private helsetenester		3	-3	-	30	-30
Varekostnader	1 736	1 634	102	14 725	14 745	-20
Løn til fast tilsette	16 536	16 579	-44	130 075	130 566	-492
Overtid og ekstrahjelp	314	308	7	2 551	2 423	129
Pensjonskostnad	3 926	3 926	0	34 996	34 961	35
Offentlege tilskot og refusjonar	-502	-459	-43	-5 292	-4 127	-1 165
Anna løn	2 205	2 855	-650	19 524	21 189	-1 665
Andre driftskostnader	27 019	30 944	-3 925	260 446	272 403	-11 957
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>51 421</b>	<b>55 868</b>	<b>-4 447</b>	<b>457 166</b>	<b>472 880</b>	<b>-15 713</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>-33 951</b>	<b>-38 830</b>	<b>4 879</b>	<b>-315 415</b>	<b>-326 618</b>	<b>11 203</b>


Stab og støtte har eit positivt avvik frå budsjett på 4,9 millionar denne månaden. Det positive avviket skuldast at vi har teke ned avsetjingane til å dekke uteståande reiserekningar frå pasientane med 4,6 millionar. Inkludert avsetjinga er det til no i år ført 93 millionar i reisekostnader, medan vi budsjetterte med 98 millionar. I budsjett for 2017 venta vi auke i reisekostnader, då som følgje av nytt regelverk frå 1. oktober 2016, tilrettelegging for elektronisk innsending av kravskjema og ny bomring i Førde. Det syner seg no at tal krav frå pasientane er omlag som tidligare og at snitt refusjon pr. krav har vorte lågare. Redusert avsetjing gjev ein stor eingongseffekt på rekneskapen i september, og vi ventar vidare positive avvik frå budsjettet framover.

Bruk av overtid og ekstrahjelp i stab og støtte er som budsjettert denne månaden, på lønsområdet samla har stab og støtte eit positivt avvik mot budsjett på 730 000 denne månaden.

#### Akkumulert


Akkumulert har stab og støtte eit positivt avvik mot budsjett på 11,2 millionar. Driftsinntektene er 4,5 millionar lågare enn budsjett, medan driftskostnadene er 15,7 millionar lågare enn budsjett. Kostnader til pasienttransport utgjer til no 8,9 millionar av det positive avviket, 5,2 millionar lågare inntekter og 14 millionar lågare kostnader enn budsjettert. Bruk av overtid og ekstrahjelp er 129 000 lågare budsjettert, samla på lønsområdet har stab og støtte til no eit positivt avvik i høve budsjett på 3,2 millionar.

## PERSONELL Medarbeidarar:



Det er i registrert 379 brutto månadsverk, som er 16 fleire enn i same periode i 2016. Netto månadsverk er 354, som er 18 fleire enn for eitt år sidan. Bemanningssenteret kom i drift frå 1. september 2017, og i tala som er synt fram utgjer auken i tilsette i bemanningssenteret fem brutto og fem netto månadsverk.

## Sjukefråvær:



Stab og støtte har hatt eit registrert sjukefråvær på 5,6 prosent i juli, mot 5,4 prosent i same månad i 2016. Vi har over tid hatt stort fokus på at det er viktig med systematisk oppfølging av sjukmelde, samt auka kompetanse og tryggleik for leiarane i oppfølgingsarbeidet.